

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

## Nye kontraktar individuelt tilrettelagt skuleskyss

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet gjev fylkesdirektøren fullmakt til å kunngjere konkurranse og inngå kontrakt for individuelt tilrettelagt skuleskyss frå og med skuleåret 2022/2023, med varigheit på to år, med opsjon for å forlenga 1+1 år. Konkurranse og kontrakt gjeld for områda Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden nord (tidlegare Os), Osterøy og Øygarden.

### Samandrag

I samband med at nye anbod for individuelt tilrettelagt skuleskyss skal lysast ut i Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden nord (tidlegare Os), Osterøy og Øygarden innan utgangen av 2021, er Skyss no i gang med å utforme nye kontrakter. Nye kontraktar må på plass i god tid før skuleåret 22/23, og det er behov for delegert fullmakt til fylkesdirektør for konkurranseutlysninga

Kontraktane omfattar tenester som vil få krav om nullutslepp i løpet av perioden, i tråd med vedteken forskrift knytt til drosjeløyve. Krav om nullutslepp i løpet av kontraktsperioden gjev risiko for kostnadsauke, men denne er vurdert som liten. Det er i førebuingane til konkurranseutsetting lagt ekstra vekt på å sikre kvalitet i tenestene, med bakgrunn i deregulering i leverandørmarknaden.

Anskaffingsprosessen vert planlagt med utlysing medio desember 2021, og kontraktstildeling og ferdigstilling innan april 2022. Det er planlagt at nye kontraktar skal gjelde i to år med opsjon for å forlenga 1+1 år.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Skyss har ansvar for å organisere skuleskyss både for elevar i grunnskulen og elevar i vidaregåande skule som har rett til gratis skyss etter opplæringslova. Dersom elevar med rett til slik skyss ikkje kan nytte rutegående transport til og frå skulen, organiserer Skyss eit tilrettelagt skysstilbod til eleven. Oppdrag med å gjennomføre denne transporten, vert tildelt etter konkurranse.

Etter særskilt vedtak fatta av kommunen, kan elevar i grunnskulen få rett til gratis skuleskyss til ein annan skule enn nærskulen. Det er difor etablert samarbeidsavtalar med kommunane i dei aktuelle områda, slik at kommunal og fylkeskommunal skyss blir samordna.

Dagens kontraktar for individuelt tilrettelagt skuleskyss i Bergensområdet går ut skuleåret 2021/2022. Skyss er derfor i gang med å utforme konkurransegrunnlag for anbodsutsetting av desse tenestene som skal gjelde for skulestart hausten 2022. I resten av Vestland er desse tenestene del av leveransen i busskontraktene.

Deregulering av drosjemarknaden, og ny forskrift knytt til nullutslepp for drosje gjev noko endra rammer for den kommande konkurransen enn for føregåande anbodsutsetting.

Dagens kontrakt har ein årleg kostnad for Skyss på 82 MNOK. Det betyr at kontrakten inkludert moglege opsjonsår har verdi som gjer at det er behov for delegert fullmakt til fylkesdirektør. I denne saka vil fylkesdirektøren gjere greie for vurderingar og tilrådingar knytt til kontraktane, samt skissere den vidare prosessen fram til konkurranseutsetting.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. delegasjonsreglementet, pkt.2.1.7, Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynne ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Saka omhandlar anbodsutsetting av individuelt tilrettelagt skuleskyss utanom rute i Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden nord (tidlegare Os), Osterøy og Øygarden. Krav om nullutslepp i perioden gjev risiko for auka kostnader, men signala frå marknaden tyder ikkje på kostnadsvekst.

### Klima:

Nye kontraktar omfattar tenester som vil få krav om nullutslepp i løpet av perioden, i tråd med vedteken forskrift.

### Folkehelse:

Ikkje direkte relevant.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Å tilby skuleskyss til elevar som har rett på dette etter Opplæringslova er ei lovfesta plikt for fylkeskommunen.

Utgreiling

### Dagens kontraktar

Dagens avtalar består av 14 mindre kontraktspakkar, og omfattar transport av om lag 1400 elevar med rett på fast skyss. I tillegg vil det i periodar også omfatte skyss av eit mindre tal elevar som har behov for mellombels medisinsk skyss.

Kontrakttypen er bruttokontrakt, der leverandørane mottar eit avtala vederlag basert på volum av transporten som inngår i avtaleforholdet. Dagens kontraktar er inngått med Norgestaxi Bergen AS, Osterøy Taxi AS, Taxisentralen i Bergen og Tide Buss AS.

Skyss sine kostnader knytt til dagens kontraktar utgjer årleg om lag 83 millionar kroner.

Det er jobba med å identifisere forbetingar gjennom evaluering av dagens kontraktar for å sikre læring frå tidlegare anbodsutsetting. Det er også innhenta erfaringar frå tilsvarande prosessar hos andre kollektivselskap.

I førebuing av konkurransegrunnlaget har Skyss invitert til dialog med leverandørmarknaden, slik at potensielle leverandørar kan kome med innspel. Det er motteke skriftlege tilbakemeldingar og forslag til forbeting, og ein er i gang med gjennomføring av ein-til-ein møter.

#### Krav til nullutslepp i tråd med ny forskrift

Som insentiv til auka bruk av låg- og nullutsleppskøyretøy er det i dagens kontraktar moglegheit til å motta tilleggsgodtgjering for bruk av nullutsleppskøyretøy eller berekraftsertifisert biogass, med 1 kr per km. Slik bonus vert utbetalt etterskotsvis på bakgrunn av årleg innrapporterte køyrde km etter drivstoffkategori. Leverandørane har i liten grad nytta denne ordninga i kontraktsperioden. Det er no forskriftsfesta innføring av nullutsleppskrav knytt til drosjeløyve i *Forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Vestland fylke*. Frå 1. april 2024 blir det dermed innført miljøkrav til drosjenæringa i dei aktuelle kommunane for kontraktane.

Det er vurdert om ein skal stille krav til nullutslepp alt frå oppstarten av ny kontraktsperiode. Bransjen er godt i gang med omstillinga, og planlegg gradvis innfasing av nullutsleppskøyretøy fram mot tidspunkt for nytt krav. Samstundes er det også bekymring mellom anna knytt til leveringsutfordringar for nye bilar, og noko manglande infrastruktur for lading i enkelte område. Tilbakemeldingane tyder på at ei forsering av nullutsleppskravet til å gjelde frå anbodsstart til sommaren kan vere kostnadsdrivande og gje uheldige utslag i konkurransen.

Bonusordninga knytt til nullutslepp i dagens kontraktar vil bli vidareført fram mot at krav om nullutslepp blir gjeldande.

Gjennom dialog med leverandørmarknaden vert det opplyst at overgang til elektriske køyretøy er i gang og at marknaden no kan tilby eit godt utval av høvesmessige køyretøy for drosjenæringa. Det vert også vist til at det no er tilgjengeleg og tatt i bruk nullutsleppskøyretøy til bruk ved transport av passasjerar som sit i rullestol. Det er påpeikt at enkelte segment mellomstore bilar med plass til rullestolbrukarar er meir umodent teknologisk, og kan gje noko auke i kostnadene. Samstundes er det rask utvikling på dette området. For dei aktuelle kontraktane har det dei siste åra vore behov for slike bilar til 5-10 % av transportane.

Forskriftsfesta krav om nullutslepp i løpet av kontraktsperioden gjev ein risiko for høgare kontraktskostnad etter ny anbodsprosess. Vurderinga er likevel at ein i liten grad vil sjå kostnadsauke i dei nye kontraktane på bakgrunn av dette kravet.

#### Nye løyekrav

Deregulering av drosjemarknaden kan potensielt føre til at nye aktørar vil melde interesse for oppdraget. Som oppdragsgivar vil Skyss mellom anna gjennom krava til kvalitet i kontraktane sørge for at elevane som er omfatta får den tenesta dei har rett på, uavhengig av leverandør.

Tildeling av gjeldande kontraktar var basert på at kvaliteten på tenesta var definert gjennom kontraktkrava. Tildeling vart basert på lågaste pris for gitt kvalitet. I samband med førebuingane til ny konkurranse, vert det jobba med å identifisere kvalitetskriterier som kan nyttast ved utveljing av nye leverandørar, altså kriteria som er mogleg å poengsette/score i tillegg til pris.

Deregulering av marknad kan gje ein positivt effekt med lågare prisar og større konkurranse, men dette er vanskeleg å talfeste. Frå dialog med leverandørmarknaden er det opplyst at det i Bergen ikkje er identifisert særleg tilfang av nye aktørar per no.

#### Samarbeidsavtalar med kommunane

Individuelt tilrettelagt skuleskyss omfattar transport av elevar som har rett til gratis skuleskyss til nærskulen eller annan skule etter særskilt vedtak fatta av kommunen. For desse elevane er kostnaden delt mellom kommunen og fylkeskommunen, men det er Skyss som organiserer transporten. På same måte som i dag vil det bli inngått samarbeidsavtalar med kommunane i det aktuelle området.

Formålet med avtalane er å regulere samarbeid mellom kommunen og Skyss om innkjøp og gjennomføring av tenestene. Slik vil ein legge til rette for ei mest mogeleg kostnadseffektiv løysing av oppgåva gjennom å samkøyra den kommunale- og fylkeskommunale skoleskysstenesta. Avtalane bidreg såleis til effektiv offentleg ressursbruk.

Skyss har i inneverande kontraktar samarbeidsavtaler med alle kommunar i det aktuelle området. Oppdatering av avtalane vil skje i forkant av utlysing.

#### **Vidare prosess**

Anskaffingsprosessen vert planlagt med utlysing medio desember 2021, og kontraktstildeling og ferdigstilling innan april 2022. Kontraktane trer i kraft frå skoleåret 2022/23.

#### Konklusjon

Nye kontraktar for individuelt tilrettelagt skuleskyss i Bergensområdet må på plass i god tid før skuleåret 22/23, og det er behov for delegert fullmakt til fylkesdirektør for å gjennomføre konkurranseutsettinga. Oppdraget skal i hovudsak førast vidare som i dag. Nye kontraktar omfattar tenester som vil få krav om nullutslepp i løpet av perioden, i tråd med vedteken forskrift knytt til drosjeløyve. Krav om nullutslepp i løpet av kontraktsperioden gjev risiko for kostnadsauke, men denne er vurdert som liten. Fylkesdirektøren legg ikkje opp til ei forsering av nullutsleppskravet til å gjelde frå anbodsstart til sommaren, på bakgrunn av tilbakemeldingar frå bransjen om at dette kan vere kostnadsdrivande og gje uheldige utslag i konkurransen.

Det er førebuingane til konkurranseutsetting langt ekstra vekt på å sikre kvalitet i tenestene, med bakgrunn i deregulering i leverandørmarknaden.